

## Skotserie skremde i Uskedalen

14.04.2007

**Laurdag føremiddag klokka 10.30 vart folk oppe i Uskedalen skremt av ein serie kraftige skot. Ein som bur i området ovanfor Haugland gamle skule høyrde omkring 10 skot etter kvarandre, med jamne mellomrom.**

Det høyrdest ut for han som geværskot, men skota kunne også stamma frå ein kraftig revolver. Truleg var skytinga lenger nede i dalen ettersom det ikkje var noko ekko frå fjellsidene.

Vedkommande er vand med skot men serien var så spesiell og kraftig at han fann det rettast å ringa til politiet. Diverre lukkast det ikkje å få kontakt med dei.  
- Om ikkje eg blir direkte skremt, så blir eg i hvert fall nervøs av slik skyting. Dette er ein fredeleg dal og eg ynskjer å ha det fredeleg og godt, seier han.

Kven det var som skaut lukkast det i første omgang ikkje å bringe på det reine.

Ein teori i området var at ein konkurranseskyttar som bur der hadde hatt ei treningsøkt. Men det hadde han ikkje.  
- Eg trente fredag, men ikkje laurdag, seier han.

Seinare har uskedalen.no fått opplyst at skytinga hadde samanheng med eit utdrikningslag.

- Det som skjedde var heilt ufarleg leirdueskyting på Døssland, seier ein som hadde tilknytning til laget.

Av Ola Matti Mathisen